

VARHAUGBUEN

BARN OG UNG I JULI 2023
SIDE 14 - 15

PENSJONISTLAGET
SIDE 22 - 26

VARHAUG IL
SIDE 32 - 33



ELGANE SIDE 12 - 13



GODE LESAR AV VARHAUGBUEN

17. mai ligg alt eit godt stykke bak i tid. Likevel har eg hug å dela nokre tankar med deg. Tidleg i vår fekk eg spørsmål frå ordførar Jonas Skrettingland, om å halda minnetale i anledning kransenedlegginga ved minnesmerket attmed kyrkja på Odland, over dei som gav livet sitt for FRIDOM og FEDRELAND. Eg måtte berre takk ja til det - eit så ærefullt oppdrag. I ettertid har eg tenkt over den morgonstunda. Ca. 30stk møtte ved kyrkja, i isande kald nordavind og 5-6°+. Takk til dei, det var kjempebra! Flagghaising kl. 8.00 er del av seremonien.

I såkalla «gamle dagar», då barnetoga frå Varhaug og Vigrestad møttest til gudsteneste i kyrkja - då var kransenedlegginga del av dette, etter gudstenesta. Dermed fekk «folket» delta, og verta minna om kva FRIDOM og FEDRELAND verkeleg har kosta - og minnast -

Nå er heile 17.mai-feiringa flytta til idrettsanlegga. Dette forstår eg godt - av praktiske grunnar. - Men så tenkjer eg; får den oppveksande slekt same kjennskap til, og høgtidsame oppleving av kva FRIDOM og FEDRELAND verkeleg betyr for oss? Sjølv sagt vart

det nemnt, både gjennom gudstenesta og talen for dagen - om grunnlova av 1814, og «vil Gud ikkje verja by og land, kan vaktmannen oss ikkje trygja». - Men likevel, - avstand til historia og velstanden, skaper fort ei avslappa og likegyldig haldning. «Nor-ske mann i hus og hytte, takk din store Gud. Landet ville han beskytte - skjønt det mørkt så ut. Alt hva fedrene har kjempet - mødrene har grett -». Dette må me altså ikkje gløyma - kampen dei stod i.

17. maikomiteén og kyrkja burde kanskje snakke sammen om ein måte å formidla minnestunda ved kyrkja på. - Kanskje videoopptak kunne flettast inn i programmet i idrettshallane på Varhaug og Vigrestad? Kl. 8.00 er ei veldig vanskeleg tid for mange å møta opp, på denne dagen. Det er så mange praktiske ting, i forhold til barnetog m.m. som skal «gå i hop».

Så har eg møtt folk etter 17. mai, som sa det slik: «Den talen din, må vera ein sjølvfølge å gjengjeva i Varhaugbuen.»

Sigbjørn Varhaug



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltegull. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveiding av fjøs.
Egil Halund 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



TALE VED KRANSENEDELLEGGING 17. MAI 2023

Gratulera med dagen!

Føler det litt malplassert å seia gratulera me dagen når me er samla ved Minnesmerket over dei som gav sitt liv for FRIDOM og FEDRELAND.

Men det er også 17. mai me markerer/feirar – at Noreg fekk si eiga Grunnlov i 1814.

Noreg var som kjent under Danmark. Det norske folk var eit utsulta og fattig folk. Napoleonskrigane hadde rasa i ca 7 år. Så tapte Napoleon krigen, og dermed tapte også Danmark, som var «venn» med Napoleon. Dette førte til at vesle Noreg vart ein salderingspost, i det politiske spelet. Det førte vidare til at Noreg skulle gjevast som gåve til Sverige.

Samstundes hadde det vakse fram ei sterk nasjonal-kjensle i det norske folk. Både norske forfattarar og Hans Nielsen Hauge gjorde sitt i så måte. Mange i landet opplevde denne nye tida som ein slags gjenfødelse.

Me vart riktig nok i union med Sverige, men i 1814 var altså den norske nasjonale kjensla så sterk, at då dei 112 Eidsvollsmennene hadde utført sitt arbeide våren 1814 med Grunnlova, avslutta dei med å danna broderingen under parolen «Enig og tro til Dovre faller».

Union med Sverige reduserte fridommen, men i 1905 vart flaget vårt endeleg reint. Kong Håkon den 7. kom til landet. Då hadde ikkje Noreg hatt eigen konge sidan 1319.

Men etter kvart som landet vårt verkeleg vakna av svevnen, fekk me langsamt bygd opp eit skuleverk som lærte opp nye slekter til å verta glade i landet sitt, tufta på kristen tru og tanke.

Difor: Då 9. april 1940 kom, og me vart overrumpla og lamslegne av ei sterk tysk okkupasjonsmakt, då syntet det seg at me i Noreg hadde ein stor fin ungdomsflokk, som hadde vorte så stolte av landet sitt, og fått kjærleik til fedrelandet så sterkt i seg at dei tenkte: «For FRIDOM og FEDRELAND».

Difor kom det fort i gang motstandsarbeid mot den nazistiske tankegang. Tyskarane prøvde å påverka både idrettslag, skuleverk og kyrkja blant anna. Det var straffbart å be i kyrkja, eller annan offentleg samanheng, for Kongen og regjeringa.

Og då rykta gjeikk om at norsk ungdom skulle tvingast inn i tysk krigsteneste, prøvde ein del å koma seg over til England for å delta i alliert teneste. Dette var straffbart ut frå tysk lov som var innført i Noreg.

Ungdommar og eldre med fekk betala ein høg pris for sin motstand. Krigsseilarane var og blant dei som ofra seg for fridom og fredreland.

Difor er eg så glad for at Ole Reiestad sitt namn også står på denne minnesteinen. Der var mange norske ungdommar i handelsflåten, og i alliert teneste under krigen.

Ole Reiestad enda sitt liv i brennande olje på havet då båten han var på, pluss 5 skip til i same konvoi, vart torpedert og seinka av tyske ubåtar, 12. oktober 1940. Dei var på veg frå Amerika til England med drivstoff. Ole vart 30 år.

Eksplisjonen var så kraftig at båten sokk i løpet av 4 minutt, fortel dei få som overlevde. 18 av Ole sitt mannskap omkom. Tenk for ei påkjenning til alltid å måtta sova med redningsvesten på.

Me må heller ikkje gløyma dei som gjorde motstandsarbeid i krigen, og som overlevde tysk fangenskap, og som har levd med vonde minner og påkjenningar resten av livet sitt. Me skuldar og dei ein varm og ærbødig takk på ein dag som dette.

Så står me altså her, 17. mai 2023. Akkurat som dei gjer mange, mange andre stader i Noregs land i dag, for å minnast.

Vigrestad-bygda vart svært hardt ramma i denne fridomskampen. Ein flokk unge menn var på veg til England for å kjempa med dei allierte, men dei vart tekne av tyskarane før dei klarte leggja frå land på Obrestad. På denne minnesteinen les me:

Olav Ege, Ingvar Gausland, Sivert Handegård, Wilhelm Lund, Magnus Mæland, Trygve Varden, Sverre Waldeland, Ole Reiestad, som alt er nemnd.

Asgeir Lode skriv at 15 unge menn frå Vigrestad, Nærbø og Time enda sine unge liv i Trandumskogen.

For FRIDOM og FEDRELAND.


Lode skriv vidare om denne triste dagen:

Doggdropane heng ennå i trea,
då skotsalvane smadra stilla,
og overdøyvde fuglesongen i Trandumskogen
tidleg på morgonen 21. mai 1942.

Så spør eg: Berører dette oss i dag, minst 80 år etter?

Me har så uendeleg mykje å vera TAKKSAME for!
I ærbødighet vil me æra deira minne ved å leggja denne minnekransen her i dag.

For FRIDOM og FEDRELAND.



HEIM MED HEIS

Sjur Håland

- Kæ? Æ du forstøra. He du vorte stasjonsonje?

Mannen i arbeidshabitten som stoppa meg på utsida av butikken, hadde ein grå, kraftig lugg. Han var kledd i ei rutete blåleg flanellskjorte som hadde sett langt betre dagar. Augebryna til Varhaug-karen hadde same ubestemmelege kuløren som skjorta. Bryna var rå og usminka. Kraftige og viltvaksande som høymolen og landøyda langs Fylkesveg 44 i juli.

Nett i det han stilte spørsmålet var bryna forma som to store, kalligrafiforma spørsmålsteikn. Det var humoristiske glimt å spora i dei blå augo bak brille-glasa, men blikket og den halvopne munnen kunne også lesast som om at han var overtydd om at det hadde klikka heilt for meg.

- **Ja, eg he vorte stasjonsonje**, sa eg, medan mannen dumpa handlenettet ned på asfalten, famla i alle verktøylommane i buksa etter snusen og gjorde seg klar til neste spørsmål.

Lagnaden sine vegar er lunefulle. Etter 60 år i same huset flytte eg saman med kona bokhylla, senga og kaffitraktaren frå heimetomta på Tjemsland og utvandra den ikkje akkurat lange og ukjente vegen ned til Ghost Street i downtown Varhaug. Nå har me i eitt drygt år hatt bustadadresse i Stasjonsvegen med felles postkassestativ med kjente og ukjente, gilde naboar som eg av og til møter i heisen.

For eg bur i hus med heis. På paddeflate lågmælte Varhaug! Det er i seg sjølv eit paradoks.

- **Nei, kan du begriiba saure. Kollest går dæ**, spurde mannen og klemde brillene på plass inn til naserota med ein peikefinger som såg ut som den kom direkte frå eit myrlendt opptak i utmarka.

Svaret mitt har jamt over vore det same på spørsmåla eg har fått.

- Jau takk, dæ går helst godt.

Eg kunne eigentleg ikkje ein gong drøymt om å flytta. Det har eg heller ikkje gjort. Eg er framleis heime. På Varhaug. Der eg har røtene mine og flokken min. Der eg har historia mi. Der flesteparten av dei eg kjenner, bur.

Så må eg i same litterære andedrag skyta inn at dette ikkje er kritikk av folk som skiftar postadresse eller jamvel land, av ulike grunnar. Eg håpar alle som etablerer si eiga historie her i bygda eller andre stadar blir klimatisert og finn seg like godt til rette som eg har gjort.

- Æ darr live der oppe?

I sommar har eg lest intervju med jærboar som blir spurte om kva dei likar minst med Jæren. Svara er unisone: Vinden!

Ja, dei om det. Så lenge eg har tak, fire vegger og ein anstendig straumpris, vil eg hevda at vinden, saman med resten av det mangfaldige, sære, sure jærskje vêrlaget som følgjer med, er blant det likaste me har. Berre spør ein bonde som står i blåsten ved ein buldrande flaumbekk i tunge støvlar. Bonden svaier i vinden og myser etter eit blått hol i det grå skydekket slik at den tunge Varhaug-jorda kan tørka opp og ho eller han kan koma utpå med traktoren og slå graset.

Det er få stadar her i landet som eignar seg betre til planteproduksjon og husdyrhald enn Varhaug og Jæren. Så får heller me som hentar maten i blanke, tempererte glashyller i butikken finna oss i å måtta bardunera trampolinar og hagemøblar slik at dei står i mot hylande vindkast frå alle himmelretningar.

- Live og live, fru Blom. Dæ kjæeme an på vindretninga.

Mannen plukker opp handlenettet. Brillene tippa nok ei gong framover mot nasetippen.

- Nei, æg får potla mæg i bilen. Darr æ melk i handlepåsen.

Han rettar ryggen, justerer brilleglasa på plass med opptaksfingeren og flytter tærne fram i treskoa, nett på same måten som når ein arbeidshest går i skjækene.

- Ha dæ. Me snakcast!

Eit anna spørsmål Jærbladet sine intervjuobjekt får, er gjerne kva dei likar best med Jæren. Svara her er mest like unisone: Folket som bur her.

Eg ser på den vindskeive ryggen på mannen som lør heilmjolk og miljøbrød med kostfiber inn i bagasjerommet i den ikkje heilt reine arbeidsbilen sin, og kunne ikkje vore meir enig. Sjølv om eg ikkje kjenner alle. Langt der i frå. I vår var eg på eit arrangement saman med bygda sine 15-16 åringar og foreldra deira. Eg fekk meg ei aha oppleving og eit lite sjokk. For eg kjende så få av andleta, tykte eg.

Men eg var blant folk frå bygda. Eg kjende meg heime. Eg var heime.

Flanellskortemannen har fyrt opp bilen. Han rullar ned sidevindauga, kompenserer for vindsjauen og roper til meg.

- Helsa heim!

I same augneblinken som mannen skal til å trø inn gassen, ropar eg etter han.

- Neste gong du æ på Stasjonen må du koma opp og kikka. Me he heis!



FRÅ REDAKSJONEN

Det er gildt å vera redaktør for Varhaugbuen, når eg får inn stoff lenge før fristen. Og denne gongen heldt det berre fram, så eg følte bladet var fult, før eg hadde starta å arbeida med det. Fann fort ut at noko eg sjølv hadde skrive, berre måtte venta til ein annan gong. Så alt såg berre lyst ut. Men så, uten noko førevarsel, vart eg råka av eit elle anna virus. Trudde først det var korona, men testen var negativ både ein og to gonger. Men viruset beit seg fast, og til slutt måtte eg få antibiotika, og vart utslått i ei heil veke. Men koss skulle det nå gå med bladet? Heldigvis har me eit unikum i trykkeriet, Odd, og han ordnar det meste. Eg såg ikkje bladet før det omtrent var ferdig. Så viss de er nøgde med Varhaugbuen denne gongen, så er det Odd som skal takkast ekstra.

Og nå når arbeidet med basaren til bygdekvinnelaget og bladet er over denne gongen, skal eg ha meg nokre dagar med ferie. Det ser eg fram til, og eg føler og at eg er verd det.

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845, fram til 7. desember. Oppstart for hausten vert 21. september.

Under Varhaugmarken arrangerte Hå skulesjakk VM i utesjakk lørdag 4. juni. Hå kommune har fjernet rutene for det kjempestore sjakkbrettet, så vi lånte det store plastbrettet frå Varhaug skule og hadde ein del vanlige sjakkbrett på sitjeplassane foran rådhuset.

Det var 8 deltakarar i årets VM, og vinnar vart Morten Mersland, nr 2 vart Torvald Vaage og på tredjeplass kom Lena Lye.

Det er ikkje lagt planer for turneringer for barn/ungdom i haust. Men det vert KM (kretsmesterskap) for barm/ungdom individuelt før NM som skal være 17-19/11 i Skien.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>



Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

Oppstart i haust blir onsdag 23. august.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 150 for skolesjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringer overalt.

Vårsemesteret vart avslutta med kåring av Jærmesteren og klubbmester i lynsjakk. Jærmester ble Elias Vigrestad Kristiansen og mester i lyn ble Ahmad Abelhafiz.

5 spelarar deltok i landsturnering (dvs NM i sjakk). Dei gjorde det veldig bra. (Av desse 5 var 2 frå Varhaug, Stein Åge vart nr 3 i klasse senior B)

I NM i lynsjakk deltok 4 frå klubben, og David vant klasse lilleputt A.

Norway Chess Open er ei turnering åpen for de som vil spille mot noen av de beste sjakkspillerne. Klubben hadde fire spelarar med, der David Simonsen (12 år) gjorde det veldig bra i klasse GM der 10 spillere hadde tittel GM(=Grand Master) og mange av de andre av de 73 deltakerne hadde titler som IM,FM,WIM og CM og rating godt over 2000..

Velkommen til klubben. Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



HÅ PISTOLKLUBB 50 ÅR

Hå Pistolklubb har avvikla to av tre feltstevner i år, der me 2. juli hadde jubileumsfelt. Hå pk er heile **50 år** i år så då hadde me ordna med både gaver og klistermerke til alle dei som kom og trekkpremiar, som me hadde fått av forskjellige bedrifter, blant alle deltakarane i alle greinene me kunne skyta denne dagen. Det må eg sei var gildt.

Hå Pistolklubb gjer det godt på stevner rundt forbi med fleire medaljer både på kretsmesterskap og distriktsmesterskap. Men fyrst og fremst går me på stevner fordi stevner er gildt, mykje gildare enn trening.

Så kan me ta litt om korleis Hå Pistolklubb gjorde det på NM i år.

Hå pk forsynte seg godt av medaljene i år også. Andreas Fuglestad tok gull i spesialrevolver etter iskald omskyting der han skaut fullt i fyrste runde. Sølv i magnum 1 etter eitt show av ein omskyting der han avgjorde og traff alle blinkar i femte runde! Bronse i fin etter omskyting med 9 andre.

Roald Fuglestad tok sølv i revolver åpen klasse etter omskyting om gull og sølv.

Liv Håland og Andreas stilte i mix lag (ein mann og ei dame) og tok gull i fin og sølv i grov.

Glenn Bjorheim var beste Hå skytter i militær og var veldig nær omskyting om medaljer både her og i revolver. På NM må ein ha marginene på si side, når eitt par skudd står hårfint utenfor er ein plutselig eitt stykke nede på lista, både for han og nokre av dei andre deltakarane i år så er det få poeng det står om.

Liv og Sissel Korpiselkä vart blant topp ti på revolver og Liv blant topp ti på militær i dame klassen. Odd Bjorheim vart topp ti på revolver i V65 klassen.

Sjølv om Sissel og Odd ikkje traff heilt med NM formen og løypa denne gongen, kjem dei garantert sterkare tilbake.

Andreas har signert med feltlandslaget og skal skyte nordisk mesterskap i Danmark i september. Så Hå pk har nå ein skytter på landslaget så me ser fram til å følge vidare.

Me så reiste på NM i år he hatt dæ galjilt mæ team-buildingtur på restaurant, grilling, skrøyding å lyging rundt leirbålet ellers.

Alltid åpent for fleire så vil vera med, om du ikkje tenke NM i fyrste omgang så vær med på våre egne feltstevner, helst som arrangør, me trengje alltid folk for å faktisk få til å arrangera dei tre feltstevnene me har i året. Me begynne å varte «gamle» nå, så me trengje nye med så ikkje Hå pistolklubb dør ut. Du lære mykje på å være med. Nå har me eitt feltstevne igjen i år, spesialfelt, det er med kraftige magnum og små korte pistolar og revolverar.

Eller, bare kom og skyt, det er betre enn å ikkje koma. Det er derfor me trene kvar mandag, for å konkurrera enten på bane eller felt, heime og hjå andre klubbar. Sjølv likar eg best felt og det trur eg dei fleste i Hå pistolklubb gjer, **me er ein feltklubb!** Så gå i det minsta på feltstevnene, eller bane, rundt forbi dørene her heima. Det er, uten å lyga, galjillt same om ein er på toppen elle botten av lista - alle må me begynna ein plass.

Liv Håland

MADLAND HAMN

Madlandshamna har vore der lenge. Vegen frå Odland og gardane ovanfor gjekk etter gammalt gjennom gardstunet heime på Odland, der Kristian Skrettingland har drive garden fram til nyleg, og leet mellom kulturbeitet sør mot Årsland og marka til dei Madland er ennå synleg. Dei nyaste kaiane i hamna vart bygde seint på 1950-talet. Båtane låg tett i hamna det første eg minnest. No er det slutt på at bøndene ror ut ein tur før morgonstellet for å få seg ein makrellfangst, så bruken av hamna har endra seg.

I dag er fisket hobby, ikkje livberging, og båtane som nyttar hamna få. Aktiviteten i hamna har i stadig større grad vorte knyta til reiseliv og fritid. Bubil-folket har oppdaga plassen, og det er ofte folk som overnattar i hamna.

Eigarforholda har og endra seg. I 2019 fekk Hå kommune kjøpa hamna frå Kystverket. Kjøpet vart frå kommunen si side sett i samanheng med satsing på reiseliv. Madland hamn er eit besøk verd, både i finvér og når sjøen kokar og bølgene slår over moloen i nord. Kan hende er opplevinga sterkast når hauststormane slår inn.

Statens vegvesen har eit program som heiter Nasjonale turistvegar. Målet er «å gjera Noreg til eit meir attraktivt reisemål for rundreiseturistar». Dette gjer dei ved å etablera rasteplassar som gjev ei spesiell oppleving, samtidig som plassen skal ta vare på det lokale særpreget. Etableringa er i samarbeid med dei lokale kommunane, der noko er vegvesenet sitt ansvar, noko fell på kommunen.

Nasjonal turistveg Jæren strekkjer seg frå Ognå i sør, til Bore i nord. Den skal og utvidast sørover mot Sokndal. Tanken var å gjera tiltak både på Brusand, Haarr, Madland og Refsnes. Bygget ved Rennå på Brusand kom ikkje opp då det vart uråd å få det til i samsvar med vernebestemmelsane for Jærstrendene. Det vart stort engasjement for at vi ikkje skulle gjera noko med rasteplassen på Haarr, så då vart det heller ikkje gjort. Forgalt vil nå eg seia. På Refsnes er det sett opp eit særprega toalettbygg som gjer turen ned til stranda både betre og enklare.

Det største tiltaket i Hå er då det som er gjort i Madland hamn.

I Madlandshamna er det sett opp ei stormhytte nede i hamna, eit hus å gå inn i når ein skal nyta utsikta utan å verta både kald og blaut. Nausta har vorte fiksa opp, og bidreg til å gjera hamna fin. Oppe på strandbakken har det vorte laga ein rasteplass med parkering for både personbilar og bubilar. Her er det og reist eit nytt bygg som både er landemerke og noko så kvardagsleg som toalett. Når haustmørket set inn, skal dette bygget lysa, og vera eit lyspunkt i hamna.

Den 27. juni var samferdselsminister Jon-Ivar Nygård med og opna Madland hamn rasteplass. Ein god del folk hadde funne vegen til opninga. Dei fekk med seg helsingar, både frå kommune og vegvesen. Det var kulturelle innslag med dans og song. Arkitekt og prosjektleiar fekk fortelja om arbeidet med bygget. Lokale bedrifter har stått for arbeidet med rasteplassen, så dei fekk sin velfortente takk og tilhøyrande blomar.

Dei gamle som rodde ut i otta for å få seg litt makrell, hadde nok undrast om dei såg hamna i dag. Fritid og hobby var ikkje noko for gardafolket på Årsland og Husvegg.

Både før og etter opninga i juni har aktiviteten vore stor. Såkalla rundreiseturistar med bubilar er det mange av. Det kan vera både ti og femten bubilar i hamna. Bygdafolk brukar og hamna til helgetur med bubil. Det er ikkje nødvendig å reisa langt for å få dei gode opplevingane.

Så gjenstår det litt avklaringar når det gjeld vegen frå FV 44 til hamna, men vi får tru at den nye rasteplassen i Madland kan verta til glede både for bygdafolk og for tilreisande. For min del er det favorittplassen når sjøen er skikkeleg grov. Då ser eg fram til å prøva den nye stormhytta der eg kan koma tett på sjøen utan å setja liv og helse på spel.

Jonas Skrettingland



Gino Bless

KONSERT

Den 29. september blir det konsert i Varhaughallen med ein artist som ikkje er så kjent frå før på Varhaug.

Arrangør er alle menighetane på Varhaug: Varhaug kyrkje, Sentrum meniget og Misjonskirken. Målgruppa er ungdom, men både unge og eldre er velkomne. Dette er ein konsertopplevse spesielt for deg som ikkje er vandt med å gå på kristne møter. Idrettslaget er supre å samarbeide med, som legg tilrette for arrangementet i Varhaughallen. Musikkstilen er hiphop/rap.

Artisten heiter Jan-Erik Mæland, med artistnamnet GinoBless. Han hadde ein oppvekst med alle odds mot seg, Faren sleit med rus og var ikkje tilstades. Mora fekk det tøft psykisk, og Gino vart overlatt til seg sjølv med vonde traumer som ingen vaksne såg. Han følte seg lite verdifull og ikkje elska.

Med fleire tøffe år i bagasjen, så vart Gino frelst som 16 åring i England på ein kristen festival. Han fekk flytte inn i ein kristen fosterheim og dette vart starten på eit nytt liv. Han fekk ein tydelig visjon for livet då han gjekk på Ansgar Bibelskole i 2003 - 2004. Han har etablert seg i Arendal, der han har eige plate-selskap, driv foreninga «Tørr Å Si Det», framfører musikk på store og små scener i Noreg, har foredrag og psykisk helse og mobbing etc .

Dei siste to åra har vore ekstremt utfordrende for Gino. Han vart utsatt for grov vold på jobben og gjekk gjennom ein skilsmisse. Samtidig var det utfordringer med helsa til ein familiemedlem. Det førte til at livet gjekk i grus.

Gino fortel: «Det er i slike mørke stunder man spør Gud hva er meningen med livet? Men igjen, så var Gud der og svarte mitt desperate rop om hjelp. Gud blåste liv i visjonen som ble født på bibelskolen. Jeg opplever at Jesus har gitt meg noen viktige nøkler til å forandre liv som jeg ønsker å gi videre.

Jeg ønsker å inspirere mennesker til å ta tak i sine utfordringer. Å ta tak i drømmene dine. Å oppmuntre til håp der andre tenker det er håpløst. Å formidle at du er verdifull og verdt å elske. Jeg var et barn som opplevde omsorgssvikt. En hverdag preget av rus, psykisk og fysisk vold. Motstanden har vært tøff og reisen lang, men nå har erfaringene blitt en stor ressurs for meg i livet. Alt er mulig for den som tror og utfordringer gir rom for vekst».

Eg anbefaler å sjekke ut sangene til GinoBless på Spotify, youtube, etc! Inviter med deg ein venn eller fleire, og kom til Varhaughallen den 29. september!

Mari Grove

VI OVER 60, VARHAUG MISJONSHUS, PÅ TUR TIL KVITSØY

Det var ein fin gjeng på 44 stk. som tok ut frå Varhaug Misjonshus med Vigrestad buss, sjåfør Oddgeir Vigrestad. Sigbjørn Varhaug ynskte velkommen, og hadde litt historie undervegs og andakt.

Of snart var me på Mekjarvik og køyrde om bord på MF Vollsøy. Det var ein spesiell ferjetur, For frå i dag var ferja gratis for alle. Det var sett fram kaffi og litt godsaker til passasjerane. Me hadde kaffi og godt bakverk frå Paul på Vigrestad med oss, som me kosa oss med. På Kvitsøy skulle denne dagen markerast med opning av den nye vegen som nå var ferdig. Nrk var på plass på ferja, og det blei intervju med fleire av oss om kva me meinte om Kvitsøy, og kvifor me var her i dag.

Kl 10.45 var me framme på Kvitsøy og vart møtte av guiden Rolf Skretting. Han vart med oss under heile opphaldet her. Han starta med å fortelja med ein gong, og han visste utruleg mykje om alle ting,

både det me såg og anna.-Kvitsøy er ein kommune på 6,29 kvadratkilometer og består av 365 øyar, holmar og skjær.. Båthavna var bygd på dugnad, likeså fotballstadion, Nordbø maskin Arena. Og den nye vegen var flott «med gul stripe i midten». Han peika på den nye aktivitetshallen som vart brukt til konserter, idrettsaktivitetar og mykje anna.

Så vart bussen parkert, og me gjekk rundt og over to bruer, og kom på andre sida av Leiasundet. Me kunne heile tida sjå steinkorset på andre sida. Det ruva i landskapet, 6 m høgt og 1,7 m breitt og 60 cm under jorda. Her har vore møter mellom Olav den Heilage og Erling Skjalgson, og seinare hadde og Håkon Håkonsen vore her (ifølge Snorre). Rett ved sida av krossen hadde det vore ei steinkyrkje frå 1100-talet, i romersk stil. Det var funne mykje i grunnen her som tyda på at her hadde vore folk her allereie frå Steinalderen.



BondeKompaniet

GJØR SOM GUNNAR
OG GAUTE
VASK MED STIHL

STIHL

Felleskjøpet
Tilgjeld Agder siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

bondekompaniet.no



Bilete frå hummarklekkeriet.

Turen gjekk så til kyrkja frå offisielt 1620. Dei gamle veggene som endå var der, hadde vore dekt med nye kvitmåla bord over heile dekoren. Heldigvis var dette fjerna, og den opprinnelige vegg bevart. Her var brukt gamle kleberstein både til døypefont og til prosesjonskorset.

Etter god fiskesupplensj på restaurant Grøningen, vitja me Humtermuseet. Der entusiastiske frivillige brukar mykje tid til å styra klekking av hummeryngel, som dei set tilbake til havet om vinteren, med mål om å få opp bestanden rundt Kvitsøy. Ellers er det mykje import av hummar frå Orknøyane og Skotland.

Me stoppa og nedanfor fyret, der me kunne sjå det gamle «vippefyret». Det hadde vore starten på fyret sin historie. Ca år 1700 overlevde reiar Heinrich



Kvitsøy fyr. Biletet er teke frå kyrkjetrappa.

Petersen Ystad et forlis, og då hadde han lova at han skulle setta opp ei lykt på Kvitsøy. Og den vart privat styrt. I 1815 overtok staten fyret, og i 1829 begynte dei å byggja det nye fyret som står her nå.

Me takkar den utmerka guiden for at han delte sine kunnskapar med oss.

Turen heim gjekk fort, kanskje me kjende det slik, for Gunhild Nord Varhaug las mange stubbar frå Ryfylke for oss, så me fekk og litt latter og moro.

Me takkar arrangørane for ein flott tur!

Kjellaug Aanestad Varhaug



DET SKJER MYKJE PÅ ELGANE

Våren kom, og det var på tide å kalla inn alle dei gode dugnadsfolka. Me gjekk i gang med å fiksa veggen bak tribunen, då den hadde losna litt i vinden gjennom vinteren.

Elgane hadde ligaløp 20. mai. Kristiansand gjekk av med sigeren den dagen.

Etter den laurdagen, vart det tre veker med dugnad, sidan Elgane skulle arrangera U-19 semifinale 10. juni. Dette er eit stort og dyrt løp for klubben, men det ordna seg til slutt med finansieringa.

Heile 9 land var representert på Elgane denne dagen. Norge hadde Mathias Pollestad, som til dagleg køyrer i Polen, Jørgen Lystad og Magnus Klipper.

Mathias Pollestad gjekk av med sigeren, og gjekk vidare til finalen i Polen i august, der han fekk bronsemedalje. «Kjempeflott»!

Reknar med å få to dagar i september til speed-cross på speedbanen.

Einar



Seier meg lei for at eg ikkje har fått med namna på alle bilda, men eg er i grunnen berre glad for at me fekk til blad innan fristen. Liv





BARN OG UNG I JULI 2023

2826 barn og ungdom tok turen innom barn og ung i juli i år. WOW! Ny rekord. Barn i juli er eit ferietilbod frå 4-7 klasse og ung i juli er frå 8.klasse - 18 år. Det har vore ein fantastisk kjekk sommar med drøs og vas, nye vennskap og mange kjekke aktivitetar! Latter og glede, gode augeblikk, mykje pøls-er og saft.

Barn i juli blei arrangert for 4. år på rad. Nytt i år var at barn i juli skulle være same plass heile juli utan og flytte frå bygd til bygd. Ny rekord blei satt den første veka med 169 barn innom på ein dag! Når tilbodet i år blei så godt tatt i mot trengte vi litt ekstra hjelp på kjøkkenet då stilte Hå frivillighetssentral opp med god hjelp. Dagane bestod av ulike aktivitetar som quiz, slimlaging, sy handlenett, konkurransar, naturs-ti og endå meir.

Siste dag var vi på «Gamlis i juli», då pakka vi med oss alle tinga og reiste ned til Hå sjukeheim. Det var ein kjekk dag for store og små med strålande sol, kjekke aktivitetar, sukkerspinn, fugletog, fugledansen, dansehow, lykkehjul, limbo og drakamp

Ung i juli blei arrangert for 5.år på rad. Det høgste besøksalet vi hadde i år var 108 stk.

HEILT FANTASTISK!

Dagane bestod av ulike aktivitetar som: gaming, sy på symaskiner, brettspel, buttonslicing, smykke perling, neglelakk, vinyl, limbo, bingo, challenger, musikkbingo, basket konkurranse, selskaps leiker, stein - saks - papir, mesternes mester og mykje meir, også avslutta vi den siste dagen med basar!

Fredag 21.juli tok barn og ung i juli turen til Tall Ship i Sirevåg, denne dagen var vi for heile familien. Det var fantastisk vår, mykje folk, god stemning, button-slicing, sjørørvarar, vannleik, popkorn, sukkerspinn, keramikk, hopp på planken, andedam, lykkehjul og mykje meir.

Tusen takk for ein fin fin sommar saman med dykk som tok turen innom! ☺



GRILLKVELD

Den 3. august rigga me i Vennelaget oss til for grillkveld på Lerbrekk. Det er viktig å halda på tradisjonane. I om lag 20 år har me hatt grillkveld på Lerbrekk. Og spenninga er like stor kvart år: blir veret brukande og kor mange kjem det? Kor mange kottelettar og pølser skal me grilla?

Etter ein særdeles våt juli er det all grunn til å sjekke YR jamt og trutt. Ei stund ser det mørkt ut, men når dagen nærmar seg så endrar meldingane seg. Den 2. august er det eit glimt av sommar, så då er det berre å vone at det vil halde ein dag til, og det gjer det. Rett nok bles det ein del, men temperaturen er brukande. Og mange kjem tidleg for å sikra seg ein god plass i livd for vinden som kjem frå nord-vest. Denne gongen er krocketbanen på sør god å ha.

Grillmeistrane Arvid og Hans Varhaug tenner opp grillen, og snart kjenner me angen av grillmat. «Agnes og dei», som denne gongen er Agnes Varhaug, Sølvi Elin Solås, Anne Marie Taksdal, Arild Gausland og Steinar Varhaug, har i år

med seg ein songar, Thore Marthon Sviland. Sigbjørn Varhaug ynskjer alle velkommen. Mellom 80 og 90 har møtt fram. Også denne gongen kjem nokre langveis frå. Det er kjekt å få med seg ein slik kveld når ein først er heime på Varhaug ein tur.

Me startar med å syngje «Fagert er landet» av Anders Hovden. Etter det spelar og syng musikarane «Vårwise i naustet» av Johannes Kleppevik. Sigbjørn seier det er til ære for Odd Varhaug og Øystein Bratland som pleie å vera mykje i naustet i Bodle. Grillmaten er nå klar, så me syng bordvers, og seier: «ver så god!» Småeple og salat kjem også på borden. Seinare er det også kaffi og kaker. Anne Margrete og Ingunn på kjøkken har det helst travelt, og gjer ein glimrande jobb.



SpareBank
SR-BANK 
Sammen får vi ting til å skje.


Prøv SPAR Varhaug sin nettbutikk
**Klikk deg inn på
spar.no og bestill
varene heim!**

Mail: spasvarhaug@spar.no  [spasvarhaug](https://www.facebook.com/spasvarhaug)

 **SI BYGG**
NORRØN GRUPPEN

Det vert meir song og musikk: «Kjerringa mi kan itte spille trekkspell», «Mitt barndomsparadis», «Tar du med ei helsing», «Fotlandsfossen», «Vi seiler for velstand og lykke», «Hvalfanger- valsen», «Når lysene tennes», «Det er vår hjemby», «Vårnatt i Bjørn- dalen» og «Vår vise i naustet» ein gong til. Innimellom desse las Sigbjørn nokre sitat frå «Knudaheibrev» av Arne Garborg. Det er dag- boks-notat der Garborg skildrar veret i Knudaheia i 1905. Det regnar fælt og taket lek. Han må setje opp blekkboksar til å ta i mot vatnet der lekkasjen var.

Plutseleg forsvann sola og det vart kjøligare. Me song til slutt «Den fyrste song eg høyra fekk» av Per Sivle. Alle som hadde delteke fekk kvar sin plante som takk. Og takk til alle som møtte fram.

Brit Obrestad



Swing Kurs

Kor? Bank salen

5 ukers Nybegynner swingkurs begynner 05.09.23 kl. 17:30 – 19:00.

5 ukers Repetisjonskurs for de som lærte swing på ungdomsskole på

«King of Swing» prosjektet i 9. Klasse

05.09.23 kl. 19.30 – 21:00.

Pris: Kr. 600.- per person, Kr. 1000 pr. par.

Trenger du mer informasjon?

Ring Steven på 936 78 883.

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Nytt styre :

Leiar:

Terje Vik - Bedriftsforeninga

Nestleiar

Gaute Ødemotland - Bondelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem

Sondre Malmin -

Bygdeungdomslaget

1. vara

Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara

Anne Mette Tunheim -

Vennelaget for Lensmannsløa



GLYTT FRÅ LERBREKK SKULE

Både formann og vaskegjeng har hatt travle periodar i vår og sumar. Mellom anna, måtte der og vaskast fugleskit ute, både på vegg og vindauge. Slik er det berre, når det «livnar i lundar». Andre har rive ugras og slege plen m.m. Takk til alle som hjelpar til.

Av samlingar nemnar eg: bryllaupsfest, fire konfirmasjonar, gebursdagsselskap, Canada-besøk, der folk møttest på skulen. Minnesamvære etter gravferder.

2. trinn v/ Varhaug skule var her i Juni for å oppleva skule på gamlemåten. 70 elevar og 9 lærarar fekk oppleva Reidunn Skretting og Sigbjørn Varhaug som lærarar.

30 stk. frå leir på Ognatun «Glad song» var innom skulen - kaffi, song og historie.


Bygdekvinnelaget hadde ein sykkelstur i bygda, der Lerbrekk skule var eit av stoppa, med omvising og historikk.

Haga buss var her med 42stk. frå Bekkefarete kyrkje-lyd i Stavanger. Kaffi, lefse, gomme, song og historie høyrer med. Meir Haga buss: turbuss frå Grenland, Telemark. 18 stk. på kaffi, historie og omvising.

Dagsenteret på Varhaug var og på Lerbrekk skule med ei gruppe. Kaffikos, song og forteljing. Triveleg stund.

Og så er det så triveleg at nokon er innom Lerbrekk og brukar krokkebane, som er ein del av nærmiljøanlegg.

28. juli hadde eg den gleda å ta imot 35 etterkomarar etter Liv Mauland (f. Nord- Varhaug) og mannen Karl Mauland. Dei flytta til Austlandet i unge år. Og nå skulle etterkomarane gå i Liv og Karl sine fotspor på Jæren. Programmet denne dagen var bl.a. på Lerbrekk skule, vidare var eg med dei til gamle kyrkjegarden på Varhaug. Dei fleste i fylgjet vart med vidare langs stranda. Me stansa ved nausta, der minneplata over «Varhaug-lósane»



er. Los Erik O. Varhaug var morfar til Liv Mauland. Vidare såg me på merke i strandsteinane, som «Oppstadfangar» hadde meisla inn der. Fangane var utkommandert av tyskarane under krigen. (Det høyra med her at Liv og Karl vart kjende med kvarandre under krigen, då begge hadde arbeid på Åna då.) Eg fylde flokken vidare, om kvernhusa i Bodle, fram til opphoggingsplass (vrakplass) for båtar i Nord- Varhaug stranda. Her var far til Liv, Ludvig Nord- Varhaug, og med å arbeide for 100 år sidan. Så fortsette flokken til Gunhild og Oddmund. Der venta grillmat i det herlege solskinet i hagen. Det var her Rakel og Ludvig budde, foreldra til Liv Mauland. Eg er takksam for at eg fekk delta i dette oppdraget.

Helsing frå Sigbjørn,
leiar i vennelaget Lerbrekk skule

KVITE STRIPER

Pål Skretting kom 2. august og malte kvite striper på parkeringsplassen. «Eg såg det trong oppfriskning,» - sa Pål . «Ja du veit kvar du skal senda rekning då», sa eg. JA det veit eg, det er dugnad.

Dette har Pål gjort fleire gonger. Takk, Pål. Herligt med slik villighet.

Sigbjørn

SYKKELTUREN



25. mai inviterte bygdekvinnelaget til sykkelstur «På ne'siå av linjå»

Været var fint og turen gikk fyrste til Lerbrekk skule der Sigbjørn Varhaug fortalte om historia til huset og det blei servert lapper og kaffe. Og på dei gamle skulebileta var det fleire kjente ansikt.

Deretter gikk turen til kapellet på Varhaug. Når vi kom ned dit, var det bryllup så vi måtte vente litt før vi kom inn i kapellet. Det var nokre som ikkje hadde vore der før og sett maleriet til Ivan Storm Juliussen og den fine alterduken, teikna og brodert av medlemmer i bygdekvinnelaget.

Neste stopp var i hagen til Sverre og Jorunn Varhaug der det blei servert farse og bobbler. Og jamen kom og Håkon Varhaug innom med ei helsing og fekk smaka på maten.

Vidare sykla vi opp til Leksaren til Anne og Arnstein. Der fekk vi sjå på alt det fine Arnstein hadde laga i stein og fekk orientering om historia til plassen.

Kvelden blei avslutt på Lensmannsløa. Sidan det hadde vore så gild tur syntes mange at vi neste år burde ta ein tur «På oppsiå av linjå»

Astrid Skretting



BILVASK
Få 5 vask til prisen av 3
Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.
Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.
Gyldig 1 år fra kjøpsdato.
PLATINUM
5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

**Varhaug
Servicenter A/S**
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

Kunst&Kult

28 og 29 oktober

11.00 - 16.00



Bakka Smykker, Keramikeren , Klara Pil
Nina Filtmaker, PalleKarma
Viola Krans, Såpekjøkkenet, Mary's Vev
Stavanger Glassblåseri

Lerbrekk Skule

ved Rv 44, Varhaug

Lik oss på facebook: Kunst&Kult



VARHAUG BONDELAG

21/6 Arrangerte me gardsbesøk for 1 klasse
Frå Varhaug barneskule, været var perfekt og
elevane var veldig fornøgde.

9-10-11/5 kom det totalt 50mm med regn,
så kom det ikkje noko regn før 19/6 og etter-
på så har det regna jamt og trutt.

Det er ganske utfordrande å produsera mat
med eit så skiftande klima. Men tempera-
turen har vert veldig god.

VBL sit styremøte i august var veldig bra der
vert det besemt at VBL skal arrangera noko
veldig spanande til neste år det vert ikkje si-
loslått på gamlemåten, men noko i same leia

Følg med meir info kjem etterkvart.



VARHAUGMARKEN - ONGALØPET

Vargaumarken 2. og 3. juni, starta slik det alltid har vore; med Ongaløpet.på fredagen. og så gjekk det slag i slag begge dagane med ymse aktivitetar.

Mykje folk til frukosten på laurdag, og mange som heia både på dei som åt farsa , og dei som sprang Varhaugmilå litt seinare. Markens-komiteen kan seia seg vel nøgd med mr. 43 av Varhaugmarken.
Liv

FRA RYDDEGJENGEN

Ryddegjengen har vært i aktivitet hele sommeren, inkludert juli. Noen har sikkert sett oss med gule vester, «kl-ype» og søppelsekk. Forhåpentlig har flere lagt merke til at dette er nyttig arbeid for Sentrum og for bygda.

Kan synes som vi har fått en ny utfordring og det er jernbaneundergangen. Denne er blitt fiksa opp for mange penger og da synes vi det er viktig at denne fremstår som ny, ryddig og rein fremover. Vi trenger hjelp så bruker du den, plukk søppelet. Vi, Ryddegjengen, er ikke ute kvar dag så vi oppfordrer alle til å delta.

Skulane er i gang med høstsemesteret. Det er registrert at det er mindre søppel i skulane sitt nærområde nå enn det var for en tid tilbake. Det er vi alle glade for og oppfordrer skulane - ansatte og elever - hold på god standard i uteområdene.

Rune Odland



52 FJÅGE OG FORVITNE PENSJONISTAR

Tysdag 30. mai 2023 reiste 52 fjåge og forvitne pensjonistar frå Varhaug Pensjonistlag ut på tur med Vigrestad Buss.

Målet for turen var i fyrste omgang til Arvid Mæland i Lauperak. Undervegs mot Vikeså hadde me kontakt med Arvid og det synt seg at han var på møte i kommunestyret i Bjerkreim ang «Kongen», eit prosjekt som dei fleste sikkert har høyrte ein del om frå før.

fjelluft og fekk sett seg ikring og kunne skrøyta av den flotte utsikten. Me kunne visst ha sett til Lista om der hadde vore heilt «klart». Tre stykker tok seg endå eit hakk vidare opp i høgda og fekk skrive seg inn i boka oppe på Varden. Då måtte me over ei slette



med snø, men det gjekk bra, sjølv om ei hadde skoletter med høge hælær.

Så bar det nedover att, på vegen som ikkje var stort breiare enn at bussen smaug akkurat. Men me hadde god sjåfør så eg trur ikkje nokon kom på å vera redde.

Me hamna så midt i smørauga hos Arvid og inntok Kongsdalen og Kongsståvå. Her serverte Arvid Cowboygryte; kjøttsuppe med Oblix pølse, kjøtt og grønnsaker. Flatbrød med smør høyrde og til.

Suppa, dvs grønnsakene var litt «al dente» i starten, for det var ei diger gryte og den hadde passa seg sjølv medan Arvid var på møte og deretter på tur med oss. Det er ikkje godt å dela seg i tre, det kan dei prøva kven som vil.

Vel, suppa smaka iallefall godt og det gjorde og «kjærlighetsvatnet». Og kor mykje det «bobla» hjå den enkelte etter inntak

veit eg ikkje, men me vart åtvare.

Me fekk og kaffi og ikkje minst underhaldning. Øystein Bratland og Arvid i cowboy gryta

taFyrst var det Egil Salte som song ein sjølvdikta song til Arvid og så kom ein frå dalen der som Arvid hadde vorte kjent med og som var den fyrste som hadde ynskt Arvid velkommen til bygda. Han spela trekkspel for oss og dei som ville kunne vera med og syngja. Me kunne og sjå på villsvin, «studaposar» og høner og kikka inn i «butikken».



Øystein Bratland og Arvid i cowboy gryta

Me svinga innom kommunehuset i Vikeså og fekk etter litt venting Arvid med oss i bussen. Og han kunne fortelja moggje og mangt om både det eine og andre på veg oppover mot «Skykula», som er Bjerkreims høgaste punkt - 906 moh. Der har og militæret leir og Arvid bad oss innstendig om å ikkje ta bilete der noko av dette synt. Ellers ville det verta spetakkel. Der oppe var det foressten vinter enno, med mykje snø rundt omkring. Men me fann mykje snaue flekker og, så eg trur dei fleste tok seg ein tur ut i frisk

Eller berre sitja ute og «nyda veret».

Arvid fortalde og litt om framtidsplanar for «Bruket» og reiser som han hadde vore på og som han skulle til. Så det var plass til fleire om ein ville vera med på tur. Han hadde og planlagt sommarsamling for ungdommar. Var og, innimellom alt anna, oppteken med å få på plass gjerder kring eigedommen på ca 12000 mål. Osv osv.

Det vart tid for å fara vidare nedover att og reisa til Sjøya gardsutsal. Der tok husfrua imot oss i døra og ynskte alle hjarteleg velkomne. Inne i stova/ butikken fortalde ho om seg og sitt og korleis osv og tykte det var gildt at me ville sjå innom. Me fekk servert fjell-kaffi og vaflar med rømme og syltetøy, og så fekk me handla litt – dei så ville det då. Her kunne me og sitja ute og nyta det flotte veret.

Så var det tid for heimreis, og på veg ned til Varhaug orienterte Berit om turen som er planlagt til Slottet i Sirdal den 15. august.

Til slutt takka Bjørg M alle som var med for ein gild tur, trur alle var einige i det, og vona å sjå mange att på Varhaugmarken. (til helga)

Takk for laget og riktig god sommar alle.

Gjertrud Edith Hobberstad

DAVID CROKETT

Hær opp te Lauperak dæ kom en kar.
Hær hadde han nettopp kjøpt sæg en gard.
Folk hær i bygda dei lurde fælt på -
Kæ æ dæ slags skrulling så me får her nå?
Arvid-Arvid Mæland - ingen andre æ så han.

-
Dette æ en mann mæ møyje energi.
He mange plana, å stor fantasi.
TV programmet så han fekk i stand
Dæ gjorde bygdå kjent over heile Norges land.
Arvid - Arvid Mæland æ en utrulege mann.

-
Bryllupsdagen den hadde han bestemt.
Men det va en viktige ting han hadde glemt.
Han hadde ikkje dama, dæ måtte han jo få.
Å endeleg, så he han fått seg ei nå.
Men Arvid, knegå hu seie: «eg vil ikkje gifta mæg».

-
Dæ æ store plana, så han nå mæ går.
Sprenga ut eit håve av Kongen vår.
Då tenkte æg, han he mysta all forstand.
Men Arvid han meina at dette går an.
Arvid - Arvid Mæland, ingen tenke sleg så han.

-
Då tilbode kom om en tur te Lauperak,
Va æg kje sein om å svara takk.
Lysten va stor te å treffa han,
Å få sidja i hob å drikka kjærlighets vann.
Arvid, Arvid Mæland, takk for me fekk koma hær!

-
Denne sangen hadde Egil Salte laga til turen til Lauperak, og den song me for Arvid.



VARHAUG PENSJONISTLAG PÅ DAGSTUR TIL NEDRE OG ØVRE SIRDAL



Tirsdag 15. august 2023 samla 53 glade og forventningsfulle pensjonistar seg i bussen til Vigrestad Buss. Reisa starta frå Idrettshuset på Varhaug kl 09:00 og målet for turen var «Slottet» i øvre Sirdal der me skulle innta middagen denne dagen. Men me skulle og innom både «her og der» på vegen, så spente var me.

«Værgudane» var ikkje akkurat med oss, det var til tider helst eit «ufyse» vær. Men når alle stiller med godt humør uansett, er det ikkje så farleg.

Reisa gjekk sørover E39 mot Vikeså. Der skulle me ha møtt guiden vår men, han hadde måtta melde avbud grunna sjukdom. Sjåføren overtok denne

bakeriet der. Her skulle me ha «føremiddagskaffien med noko godt attåt». Me fekk kaffi og kvar vår eplekake m/krem, som gjekk ned på høykant. Dei selde og brød, kaker, havrekjeks og mykje anna godt slik at dei som ville kunne kjøpa med seg det som «frista». På plass att i bussen vart me med på tur rundt i Tonstad sentrum. Me køyrde gamlevegen og fekk sjå gamle fine kvite hus, mest som sørlandshus, som sjåføren sa. Køyrde så ned til Sirdalsvatnet og en rundtur gjennom Øksendalbygda og tilbake til Tonstad, og vidare opp bakkane til Josdal for å sjå den nye kraftstasjonen som er bygd der. Herifrå vert straumen sendt vidare til Tyskland i kabel og då vert straumen mykje dyrare. Og me må og betala for straumen i «dyre dommar». På nedturen att kunne me nyta utsikta over Tonstad og Sirdalsvatnet

innimellom regn og dis. Turen gjekk vidare langs elva Sira mot øvre dalen og der tok me ein tur inn til Lilandsdalen. Og hyttebygging er det og her, som ein kunne sjå. Me tok ein stopp på Lindeland og såg innom Sirdal Ullstove. Der fann me brukskunst, alt fra hatter, tøfler, lys med både gull- og sølvskrift. Enjo- produkt var det og råd å få kjøpa. Me fann og mange gamle ærverdige ting oppe på loftsmuséet. Men dei var ikkje til salgs.

Vidare oppover bakkane mot Dorgefossen kjøyrde me gjennom Omlid, som var kommunesenter i tidlegare Øvre Sirdal kommune. Dorgefossen er eit kjend lande-

merke i dalen og kommunens tusenårsplass. Planlagd stopp der vart ikkje noko av så me køyrde direkte til «målet» vårt, «Slottet». Der kom me inn i koselege lokaler og benka oss rundt borda, svoltne og forventningsfulle; kva får me å eta tru?

Maten, som var potetmos og møyrt godt kjøt i saus med diverse ingredienser smaka aldeles fortreffelig, så me åt, drøste og kosa oss. Utsikten var flott, sjølv om det til tider var litt disig. Og hytter kunne ein sjå over alt og nye felt var under utbygging. Mange tomter var klare for bygging.



jobben. Han hadde køyrt denne ruta fleire gonger - så litt hugsa han, sa han. Me køyrde vidare til Helleland og tok opp Gyadalen mot Bjørnstad. Der passerte me Terland klopp, som er nordens lengste steinhellebru med sine 21 rettvinkla steinhvelv i eit 60 meter langt spenn over Gyaåna. Det vart ingen stopp på den smale vegen, då der og var andre bilar, så trafikken måtte gå. Og regna gjorde det og. Men me fekk då sett brua i eit glimt. Ein kan jo reisa der sjølv seinare ein gong å sjå nærare på ho om ein er veldig interessert. Så kom me til Tonstad og det nye

Me fekk kaffi og herleg dessert før me så vende nasen heimover att. Tok ein avstikkar opp til Kildadammen, der ein får inntrykk av kraftutbygginga i dalen. Vidare inn til Ådnestøl og over Ådneram Fjellgrend og såg korleis det bygdest ut med hytter og fritidsboligar. Me enda til slutt opp øvst i dalen på Ådneram. Og me var heldige, bommen på den private hyttevegen var åpen.

Så var det slutt med avstikkarar her og der, nå bar det heimover att. Gjennom Hunnedalen, og no kom sola fram, gjennom Ålgård mot Nærbø og vidare Opstadvegen til me enda opp på «Iden». Der forsvant alle «som dogg for sola».

Trur alle var einige om at turen var fantastisk, trass regnet. Vel møtt att til neste tur - kva tid no det blir?

Og tusen takk til sjåføren for ei behageleg og trygg reise.

Og heilt til slutt - takk til sjåføren, som hadde ordna det slik at me kunne køyre innom «HEKTA» på Sinnes, der kvar og ein kunne henta med seg kvart sitt surdeigsbrød. Dette var «plaster på såret» for at me ikkje hadde fått med oss guiden me var lova.

Gjertrud Edith Hobberstad

OMUND THU - ÅRETS ELDSJEL I NORGES MOTORSPORT FORBUND



Foto: Ronny Anda, Jærbladet

I 2014 fekk Ommund Thu Hå Idrettsråd sin eldsjel-pris. Det var første gongen denne prisen vart utdelt, og vart då presentert i Varhaugbuen i nummer 2/14. Nå har han og vorte heidra i Motorsport Forbundet. Når eg tenker på den jobben han som frivillig har lagt ned på Elgane gjennom mange, mange år, så bør dette vera med i Varhaugbuen. Elgane er, som mange veit, medeigar i bladet.

Omund seier det slik, ifl. Jærbladet: «Det er nokon som har kokt i hop noko som ligg langt over mitt hovud. Men klart eg set pris på det».

Men det som er spesielt med Omund at han aldri har køyrt motorsykkel sjølv, og han har heller aldri ått nokon. Det er berre ei genuint interesse for sporten han har hatt med seg sidan han såg dei køyrde i Loen på Nærbø. Varhaugbuen GRATULERER! Liv



VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



ABRØR

Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg

Tlf 48 50 97 80
post@abror.no

VARHAUG PENSJONISTLAG PÅ VARHAUGMARKEN



Agnes og Sølvi Elin underholder med trekkspillmusikk



Varhaug Pensjonistlag på Varhaugmarken

For første gong, den 2. og 3. juni 2023, deltok Varhaug Pensjonistlag med stand på Varhaugmarken. Vi hadde fått stand nr. 2 (frå Rådhuset) saman med LHL og med «nasen» vendt mot sør. Heilt perfekt. Vi fekk inn sola og var i livd for nordavinden, som var ganske heftig desse dagane. Men veret var fint elles. Det vart litt «styr» for å laga til standen. Vi hadde ingen erfaring. Det var første gong som sagt så kva var best osv. Men det gjekk seg til. Bjørg og eg stillte med bord, stolar, tepper til «golvet», T-skjorter til å ha på oss og til å hengja opp, brosjyrar o.l. for å kanskje få nye medlemmar. Erter på krukke og ein stein, som skulle vera vår måte å engasjere folk på, då dei kunne gjette antal erter og tyngden på steinen. Dei som kom nærast skulle få gavekort på kr 200,- hjå «Skrettingen». Etter kvart kom og Berit og Aud Torunn med kaffi, og så dei andre i styret. Men vi var ikkje alle på fredagen, som starta kl 1600. Trur dei fleste stakk innom på lørdagen. Då starta marken med gratis frukost til alle besøkjande og så var det god gang. På vår stand var det godt besøk av både

store og små. Mange ville vera med på gjettekonskurransane, og elles kunne dei som ville få seg ein kopp kaffi, kjeks eller «båmbåm» og prata litt. Vi hadde og trekkspelmusikk av Agnes og Sølvi Elin og då rykka det i dansefoten hjå både den eine og andre. Det skapar alltid god stemning med musikk. Etter endt marken var det å rydda og «styra» og få alt pikk og pakk i bilane. Bjørg og Bjørg tok med alle lappane med konkurransesvara og skulle ha opptelling for å finna vinnarane. På steinen var det tre personar som tippa 750 gr (steinen var 755 gr). Så det måtte omtrekning til. Men trong ingen lensmann til dette då dei hadde Enevald der. Og den heldige vinnaren var Møyfrid E Skretting. Jorid Jeremiassen hadde tippa 2400 erter (2329 erter var rett) og var nærast og vann dermed erterkonkurransen. Begge var visst svært overaska og glade då dei fekk tlf om at dei hadde vunne.

Gledeleg var det og at vi fekk 16 nye medlemmar til laget.

Gjertrud Edith Hobberstad

NORDISK LEIR I LOM I OPPLAND



8-15. Juli arrangerte 4H Oppland saman med 4H Norge nordisk leir i Lom i Oppland.

Svala stilte med 4 deltakerer og 1 leder. Di forskjellige dagene var me på:

Bli kjent dag, lomsdag der me såg stavkjørka, museum og klatrepark. Gallhøggpiggen/klimapark etter kva deltakerane hadde meldt seg på. Me hadde volleyballturnering, tautrekking og underholdning på kveldane. Og aktivitetdag med tradisjonale aktiviteter som vart gjort før i tida i lom. Me blei også godt kjent med folk ifrå adle plasser i landet, som me nå kan kalla gode venner. Dette var ei veldig kjekke veka på leir med nokså godt vær.



HÅ KULTURSKULE - KULTURSKOLE FOR ALLE

50 år etter at Hå kommune bevilget 6500 kroner til oppstart av en av landets første kulturskoler, er Hå kulturskule i dag en veldrevet skole samt en av kommunens viktigste kulturinstitusjoner. Det overordnede målet for framtiden, er å bli en kulturskole for alle.

Hå kulturskule har siden 1970 vokst fra å være en ren musikk-skole for 179 elever til i dag å ha over 500 elevplasser fordelt på musikk og sang, teater og dans, tilrettelagt musikk og visuelle kunsthøgskolefag for å nevne noe. Kulturskolen spiller i dag også en nøkkelrolle i kommunens kulturliv, der samarbeid med andre aktører og institusjoner er en essensiell del av kulturskolefilosofien til Ragnvald Wernøe, kulturskolens leder.

Synlighet i lokalsamfunnet og samhandling med andre aktører er ikke bare en viktig del av kulturskolevirksomheten vår. Det er også et viktig ledd i målsettingen om å være en kulturskole for alle. Vi er opptatt av at kulturskolen skal være et lokalt ressurscenter der vår kompetanse kommer hele lokalsamfunnet til gode. Da må vi ut i felten, skape felles arenaer og sørge for at så mange som mulig får en eierandel i det kommunale tilbudet kulturskolen er, sier Ragnvald Wernøe.

Det at Hå kulturskule startet opp demenskor «Den glade sanger» våren 2023 var derfor en naturlig konsekvens av målet med å være «kulturskole for alle». Kretsens musikalske leder, Jofrid Mosland som tok initiativ til oppstart er kulturskolelærer og bosatt på Varhaug. Hun tar for tiden en master i musikkterapi ved Norges musikkhøgskole og har valgt å skrive om demenskor. Dermed ble det naturlig å trekke koret inn i masterprosjektet. Tilbakemeldingene er svært gode på det arbeidet vi har satt i gang. Både fra koremedlemmene, men også fra de pårørende, demensomsorgen og de frivillige som vi møter. Vi ser at dette gjør godt på mange plan sier Wernøe.

Demokratiprojekt

Arven etter Hå kulturskules første leder, Åsvald Solheim, lever i beste velgående. I likhet med Solheim, en pioner i kulturskolelandet, er Wernøe opptatt av at kulturskolen skal bidra til å styrke oppvekstmiljøet ved å tilrettelegge for inkludering og felleskap gjennom kunst og kulturutøvelse.

Foruten å tilby undervisning i et bredt spekter av disipliner, brukes lærerne aktivt til å lage konsertopplegg for blant annet barnehager og institusjoner. De samarbeider og tett med Den kulturelle skulesekken i Hå hvor Sirkus Vaudeville har turnert i 8 år med fest og balluba til alle 2.klasser.

Det er helt naturlig å være på mange ulike arenaer. Det handler om å være til stede for alle, bygge mennesker og gi dem muligheter til å blomstre. Vi har kommunehatten på til enhver tid, og spør oss selv hva vi kan gjøre for nærmiljøet og hvordan vi kan bidra til for at folk velger å bosette seg i kommunen, sier Ragnvald Wernøe.

Sommer med smil og latter

Hå kulturskule er primus motor bak ferietilbudet «Ung i juli» og «Barn i juli» som arrangeres i samarbeid med ungdomsklubbene i Hå. Denne sommeren kjørte de i gang på 5. året med «Ung i juli» og på 4.året «Barn i juli». At dette er et tilbud som slår an er det liten tvil om. Wernøe var rimelig svett da de etter de 3 første dagene hadde hatt over 700 besøkende innom kulturtorget. Heldigvis fikk de ansatt flere ungdommer til sommerjobb, men ikke minst fikk de uvurderlig hjelp av frivilligsentralen til å skaffe frivillige som kunne hjelpe med ulike oppgaver resten av måneden. - Dette er nok et eksempel på godt samarbeid mellom kommunale tjenester og frivilligheten sier Wernøe.

Da juli var omme hadde «Barn i juli» og «Ung i juli» hatt 2826 besøkende innom dørene! Siste dag rakk de til og med å lage flytte alle aktivitetene på «Barn i juli» bort til Hå Sjukeheim for å la beboere på sjukeheimen ta del i lek og moro - og ikke minst fellesopplevelsen av en god gammeldags basar.

Istedenfor å sove vekk dagene eller ligget klistret til en skjerm, har barn og ungdommer ledd, lekt, spist, tullet og fått nye venner. At «Barn og juli» og «Ung i juli» er noe som bør videreføres er Wernøe overbevist om - før han hastig legger til at det får være opp til de med pengesekken å avgjøre.

Skutefest i Sirevåg

21. juli var det nok en gang skutefest i Sirevåg. Som på tidligere skutefester, så er kulturskolen tilstede. «Barn i juli» og «Ung i juli» hadde mange aktiviteter for både store og små, og fra scenen hadde kulturskolen satt opp et kulturprogram med fokus på lokal kultur. Koret «Den glade sanger» var først ut og flere hundre var møtt opp for å oppleve konserten med koret. Det å se smilene til kordeltagerne da publikum reiste seg i rungende applaus etterpå var et øyeblikk som ikke kan beskrives sier Wernøe.

Hå kulturskule ønsket også å trekke frem unge låtskrivere fra Hå i sceneprogrammet. En av dem var Ingrid Leirvåg Vaage (12) fra Varhaug. Tidligere i vår kom hun ut med en egen låt som hun sammen med lærere fra kulturskolen hadde fått spilt inn og gitt ut. I Sirevåg fikk hun fremført den «live» med band. Maren Marie-Christensen-Dreyer (16), Amalie Grinde Pedersen (15) og artistene «heddah» og «Merrin Landa» fikk også fremført egen låter på scenen i Sirevåg. Felles for dem alle er at de alle har bakgrunn i Hå kulturskule.

Solveig Bergersen fra Varhaug hadde kulturskolen også klart å lokke hjem for å opptre på scenen i Sirevåg. Denne gangen sammen med Helene Haarr, opprinnelig fra Vigrestad. Solveig er utdannet operasanger og nå bosatt i Stockholm mens Helene jobber som sanger i Østfold. Wernøe synes det er stas å trekke dem hjem i forbindelse med slike større arrangement. - Klart vi er stolte når vi vet at de har gått i kulturskolen og nå har musikken som levebrød» sier han. Og så må vi ikke glemme å nevne at kulturskolens lærer Ragnhild Elisabeth Hoel, bosatt på Varhaug var glimrende akkompagnatør for disse damene. Æres den som æres bør!

Hå kulturskule - veien videre

Det er mange som ønsker seg en plass i kulturskolen sier Wernøe. Det er utfordrende å få dette til, men innenfor de rammene vi har prøver vi å gi så mange som mulig et tilbud. De siste årene har vi dog utvidet med flere grupper innen fag som dans, teater og visuelle kunsthøgskole for at flere skal få plass. Det at vi er synlige og gjør et bra arbeid bidrar nok til vår popularitet. Bra arbeid gjør man dog ikke uten gode lærere. Der er kulturskolen heldig, med en stabil lærerstab som jobber langsiktig med elevene. Akkurat det er en god ting når man driver med opplæring i kunsthøgskole. Et annet gode er at flere av lærerne også er utøvende kunstnere. Det inspirerer og påvirker lokalsamfunnet på mange plan. På mange måter driver vi med samfunnsbygging sier en engasjert kulturskoleleder – på innpust og utpust.

Baksiden av synligheten er dessverre ventelistene vi får. Ved oppstart i høst talte ventelisten 157 barn og unge helt uten plass. Ja, dette bekymrer oss, men vi vet det blir jobbet med.

En hyggelig ting på tampen er dog at vi prøver å være kulturskole for hele Hå – fra Ognå i sør til Nærbø i nord. Og siden det er Varhaugbuen som spør: Nærmere 70 barn får kulturskoleundervisningen sin på Varhaug hver uke. Det er vi glade for at vi kan tilby!

Følg gjerne Hå kulturskule på facebook:
facebook.com/kulturskule



VIGRESTAD-DAGANE

Her hadde Søre Hå bondelag ein kjempelur stand. Dei hadde laga til ei dyre-transportvogn til ein liten «minigard», med kalv, kylling og gris. Og her hadde både dyr og ungar det lunt og godt, enten ungane berre stod utanfor garden og såg på dyra, eller dei sat oppi og kosa med dei. Og ein gul kylling er det alltid gildt å ha i handa.

Det var og høve til å få seg ridetur, om du ikkje ville nytta deg av hoppeslottet.

Svein Høyland tok bilde av meg saman med landbruksministaren, som eg måtte ha i bladet, men eg trur ikkje det vart plass. Liv



«SKUTEDAGEN I SIREVÅG»

Her fekk eg med meg ein heil dag i flott ver, fine båtar og ikkje minst fin musikk. Her hadde komiteen gjort eit stort arbeid med mangfald i musikken frå Demenskoret til Silo og Saft. Imponerte meg gjorde og dei unge som entra scenen med sjølv laga musikk. Flott at det passa slik at «syngedamene» Helene Haarr og Solveig Bergersen og kunne vera med. Og song-kunsten deira, den kan ein vel takka kulturskulen litt for??

UNDERGANGEN

Endeleg har me fått ein fin grøn plass i sentrum, og ein mest ny undergang med flotte og gode trappe. Men kor er det me skal halda oss i når me går i trappene? Det saknar eg framleis. Men eg reknar med at dei kjem om «intje så brått?»

Liv

TUR TIL KARMØY



13. juni arrangerte bygdekvinnelaget busstur til Karmøy. På Aksdal fekk vi med oss guide som fortalte om plassane vi var innom.

Fyrst stopp var det kyrkja på Avaldsnes og deretter kopergruvene på Vistnes. Neste stopp var Åkrasanden der vi fekk ein liten spasertur i finværet. Lunsjen blei servert på «Vili og Ve», ein kafe på Åkrahamn som og sel interiør og glaskunst. Siste stopp var Skudeneshavn der vi gjekk gjennom gamle Skudesneshavn før turen gjekk heimover.

Astrid.





EI FANTASTISK HELG FOR VARHAUG

Eg hadde ikkje sjølv høve til å vera på Iden denne helga, men Stavanger Aftenblad hadde faktisk ei heil side på måndag, som eg har teke ein del frå:

«Norges største gratis fotballturnering ble arrangert på Varhaug i helgen. Vi har ikke funnet noen større fotballturnering, som er gratis, sier daglig leder Jan Christian Vasshus i Varhaug Idrettslag.

Denne helga har det svære idrettsanlegget på Jæren fått fri fra vinden, men blitt fylt med jubel, målferiringer og besøkende fra hele regionen. I helgen ble JFT-cup arrangert på Varhaug i lun sommervarme. 315 lag med spillere i alderen 8 til 14 år fra Rogaland har spilt 540 kamper på 18 baner. Og det uten påmeldingsavgift!

Dette er tredje gangen vi arrangerer turneringen. Første gang hadde vi 65 lag, andre gang 260 og nå 315. Å arrangere en fotballturnering koster i utgangspunktet ingenting. Vi har et næringsliv på Jæren som er gode til å støtte frivillige organisasjoner. Vi har 18 sponsorer til turneringen, og spillere og besøkende legger igjen noen kroner i kiosken, så vi begynner i pluss, sier Vasshus. Med spillere, trenere og besøkende regner han med at rundt 10.000 personer har vært innom anlegget i løpet av helgen. Vi har et anlegg som er godt egnet til store turneringer, og vi har over 300 frivillige som står på for å få dette til å bli et godt arrangement.»

Liv





AUG IDRETTSLAG




**HERREDSVELA
TRANSPORT**



TLF: 900 75 500

Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no



**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NYTT FRÅ MISJONSHUSET

I 2005 ble den nye møtesalen på Varhaug misjonshus ferdigstilt. Og som kjent har styret arbeidet med byggeplaner igjen. Mingleområde, nytt lager rom og flere rom utenfor ungdomssal og i tredje etasje. Byggestart har blitt utsatt, for hå kommune trengte veldig lang tid på å behandle byggesøknaden.

Nå er alt godkjent, og styret for misjonshuset er inne i en ny runde med entreprenørene for å sjekke prisene og planlegge når det kan startes opp. Vi antar at byggestart på prosjektet som har en total kostnad på 5,7 millioner vil bli rett over nyttår. Dermed vil høsten sitt program gå som planlagt.

Homlebølet i barnekjelleren justerer litt på tida. For høsten 2023 vil åpningstid være kl 0900-1100 på tirsdager.

For tenåringer i 5.-7. klasse er FRES tingen. Start er kl 1815 i ungdomssalen, og så er avslutning kl 2015 på Varhaug skule etter litt mat. Første gang var 25. august, neste gang er 8. september og så er det annankvar fredag.

Julemesser går som planlagt i midten og slutten av november.

Årets misjonshusbasar vil holdes fredag 15. september. Loddosal vert på Spar og på extra fredag og lørdag i helgene før basaren.

Noe en bør merke seg allerede nå er at det blir konsert med Sveinung Hølmekbakk torsdag 14. desember kl 1800. Du kan bestille billett ved å gå inn på nettet på www.sveinung.no

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:

https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

ANLEGGGA PÅ IDEN, KAN BRUKAST TIL SÅ MANGT

Det årlege Jærtreffet, med danse- og spelemannsfest vert arrangert 15. - 17. september.

Pris 250 pr. kveld eller kr. 450 for heile helga. Sal av mat og drikke.

Den tradisjonelle allsangen med Jærbelgen laurdag kl. 13.00 er gratis. Men her kan du kjøpa middag etterpå fram til kl. 16.00.

Alle er velkomne til ei trivelige helg

DET KAN ALLTID BLI VERRE

Tirsdag 17. oktober kl. 18.00

vert det foredrag av John Hammersmork, meir kjent som kapteinen frå kompani Lauritsen. Han er flink til å inspirera, utfordra og gje råd, både til organisasjon, som gruppe eller på individuelt nivå.



BLI KJENT DAG I LENSMANNSLØA

Ny 8.trinn frå Varhaug på besøk i Lensmannsløa ungdomsklubb.

Alltid jilt å få begynna på ungdomstrinnet og bli en av gjeng i ungdomsklubb. Rett etter skule start var denne gjengen på besøk. Annette snakka litt om tilbudet som er, regler, opningstider og at me har 3 kommunale klubber i Hå kommune. Me har eit alsidig tilbud der du kan koma rett etter skulen, få gratis middag, spilla Brettspill, gaming, vær på musikkrommet, chilla i siloen eller bara drøs og vasa mm.

Det aller mesta var ein suksess- Mangen regler blei pynta, 10 talls perlesmykke blei laga, musikken dun-dra i veggene, 140 pølser blei spist og et par flaske med saft forsvant fort. I siloen var det stor kø på å få stappa føttene i fotmassasjen og møje tjas, drøs og vas. Dagen blei avslutta med god bingo - alltid godt mæ litt snop

Beste helsing
Annette Jensen Gimre



Her er det Tove Vagle, Sofie Håland og Mari Skrettingland som spiller gitar



Helge Skrettingland og Adrian Håland skrudde opp volumet på party boksen som gjorde lær-arane svette i øyrene.



Evalill Varhaug og Liv Auestad tørker gel lakken i varmelampa.



Denne flotte buketten synes det var jilt å få pynta neglene.



Her er kanskje Varhaugs fremtidige band og frisører ? Vilde Mattingsdal, Tomine Aanestad Randa, Ingrid Undal og Tove Vagle.



Torsdag
5. oktober
kl.11
Varhaug

Bibliotekdrøs med besøk av Emma Manin

Emma Manin presenterer si andre bok «Mysteriet i veven» og viser billedvev med motiv frå handlinga i romanen. Det er ein engasjerande og velskriven roman der vi fylgjer odelsjenta Ingebjørg frå 1929 og fram til ho er vaksen. Uformell samling med presentasjon av bøker, god drøs og ein kopp kaffi. Gratis.



Bibliotekdrøs



Torsdag
7 september
kl 11

Torsdag
5 oktober
kl 11
besøk av Emma
Manin

Torsdag
7 desember
kl 11

Varhaug

Liker du å lese
og har lyst å treffe
andre som er glad i bøker?
Me møtes til ei uformell
samling med presentasjon
av bøker, god drøs og ein
kopp kaffi.
Gratis



Torsdag
7. desember
kl. 18
Varhaug

POST- OG JULEKORT FRÅ JÆREN

Per Otto Vold snakkar om postkortsamlinga si med motiv frå Jæren tidleg på 1900-talet. Han viser òg fram handteikna julekort av Bryne-buen Harald Øglænd. Gratis.

Velkommen!





Tirsdagssjakk



Biblioteket på Varhaug
kl.11.30-12.45

5. september
3. oktober
7. november
12. desember





**Torsdag
2. november
Kl. 18
Varhaug**

FORFATTARBESØK AV JORID MATHIASSEN

Jorid snakkar om boka si *Der hvite liljer vokser*. Boka er ei vakker og dramatisk forteljing om livslang kjærleik og krigens brutalitet.

Støtta av Fritt Ord. Gratis
Velkommen!



Føremiddagskaffi



**Torsdag
19 oktober
kl 11**

**Torsdag
9 november
kl 11**

Varhaug

Velkommen
til ei roleg føremiddags-
stund på biblioteket der det
blir lese høgt frå noveller, dikt
og forteljingar.

Ta gjerne med strikkeset,
eller berre kom og lytt.

Gratis



Monica Mørk Aase

Avdelingsleder Hå /
Eiendomsmegler MNEF

e: monica.aase@em1sr.no
t: 941 33 858

Charlotte Ødegård

Eiendomsmegler MNEF

e: charlotte.odegard@em1sr.no
t: 475 01 015

Oppskriften på et godt boligsalg?

**Erfarne meglere som
kjenner nabolaget ditt.**

Når du skal selge er det lurt
å velge en solid megler.
Hos oss får du kompetanse
og lang erfaring.

**Kontakt oss i dag om du
vurderer å selge bolig i Hå!**

EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN



OLSOK VED VARHAUG GAMLE KYRKJEGARD

Mens me i fjor hadde det flottaste sommarveret ein kunne tenka seg under Olsok-gudstenesta, var det i år heller surt. Men dårleg ver, held ikkje Jærbuen vekke frå denne tradisjonelle feiringa. Folk berre rigga seg godt til i stolane iført regnkledde, og nokre med paraply, på nordsida av kyrkja, der det var mest livd.

Mange vart nok forundra over den store robåten, som stod her. Og her kjem forklaringa:

«I same båt - en jubileumsstafett fram mot 2025»

Frå pinsen 2023 går en jubileumsstafett gjennom hele bispedømmet. Stafetten begynte i Egersund kirke, og vil fram mot 2025 bevege seg gjennom alle de 90 menighetene i Stavanger bispedømme.

Formålet med stafetten er å gjøre noe som viser at vi hører sammen som kirke i Rogaland og skape oppmerksomhet om 900 årsjubileet for bispedømmet, Domkirken og Stavanger By i 2025. Pinsen 2025 er båten fremme i Domkirken.

«Stafettpinne» er en robåt på 4,8 meter med seil og årer. Den er utlånt fra Engøyholmen kystkultur-

senter, og brukes som stafettpinne fordi bår har vært et viktig framkomstmiddel mange steder i Rogaland - også til gudstjenester, gravferd eller bryllup i kirken.

Menighetene skal også sette sitt eget segl på seilet, som følger med båten, der hver menighet får en liten firkant til disposisjon. Der tegner de inn noe som er særegent for menigheten. Når robåten og seilet har besøkt alle menigheter, vil seilet blitt til en stor, mangfoldig mosaikk bestående av symboler fra alle menighetene i bispedømmet».

Surt ver såg ikkje ut til å gjera noko med korkje dei frammøtte, dei unge på trompet (tantungane til organist Raghild) eller presten Westen. Alt gjekk etter programmet. Heldigvis var det kjente salme, så eg slapp å ta programmet ut i regnet.

Etter preika var me inne i kyrkja og såg «vårt» segl på seilet, som Kjellaug Aanestad Varhaug hadde laga. Kjempeflott!

Ei gild kveld. Såg ingen som «hang mæ håve» om veret ikkje var som i fjor. LIV



Bak fra venstre Trygve Auestad og Kjetil Skrettingland
Fra venstre Gunn Dalen Håland og Cathrine Skrettingland
Fremme Cecilie Haukali Løvås
Ikkje til stedes: Anne Madland

NY KOMITE FOR ARRANGEMENT I LENSMANNSLØA

Før sommeren hadde vi vårt første møte i den nye komiteen som skal arrangere konserter og andre aktiviteter i Lensmannsløa. Vi bestemte oss for å starte med en konsert med lokale artister og dato for dette; 29. september. Jarle Obrestad, General Forsamling og Dag og stasjonssongene er de tre lokale artistene som skal opptre. Konserten ble utsolgt i starten på august - vi er veldig fornøyde og overraska at det gjekk så fort å selge ut alle billettene.

Vi har også begynt å planlegge vårt neste arrangement - boblelunsj i Løeståva 21. oktober. Dette blir et gøy å arrangere og vi håper mange har lyst å komme. Vi serverer tre ulike typer bobler og snacks. Det blir snart mulig å bestille billetter til også dette arrangementet på siden til Kultur i Løå på facebook.

Vi har mange ideer og håper mange ønsker å følge med på hva vi driver med og hvilke arrangement som kommer - gå inn på Kultur i Løå sin facebookside og følg oss der.

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

4. november

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

BYGDALØFTET

I tida 27. oktober til 5. november er bygdeungdomslaget, bondelaget og bygdekvinnelaget utfordra til å gjera noko i lag for bygda. Her på Varhaug vil det skje litt så bare følg med på Facebook og oppslag.

MØTENE I BYGDEKVINNELAGET HAUSTEN -23

28 september Årsmøte

26. oktober Vi reiser til Bryne til kafeen «Meir enn ei Skjeva»

30. november Julemøte. Lotus blir med



En alliansebank i eika.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere.

Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no



Datahjelpen.IT as

Vesthagen 2, Bryne
Åpent hverdager 8-17.00

**Datahjelpen
hjem på døren**

**til bedrift og
private kunder**



Startpakke proff videoovervåking
m/opptaker, kamera og switch
ekskl. kabling og montering

12.990



Multifunksjon farge
blekkskriver,
trådløs

490

Kom innom for mange gode datatilbud!

 **51485000**  **www.datahjelpen.it**